



Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen, Sykkylven rådhus
Dato: 08.02.2010
Tid: 15:30

Gyldig forfall må meldast til utvalssekretær. Vararepresentantar møter berre ved særskilt innkalling.

Ein ber medlemmane vurdere spørsmålet om ugildskap i høve til sakene som skal behandlast.

Innkallinga er sendt til:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|--------------------------|--------------|---------------|
| Jan Kåre Aurdal | Ordfører | KRF |
| Odd Jostein Drotninghaug | Varaordfører | SP |
| Anja Gabrielsen | Medlem | AP |
| Karen Elise Matheson | Medlem | SV |
| Arne Bakkedal | Medlem | V |
| Petter Lyshol | Medlem | H |
| Olav Harald Ulstein | Medlem | FRP |
| Renate Karlsen | Medlem | FRP |
| Synnøve Ramstad | Medlem | H |

Jan Kåre Aurdal
ordfører

Heidi Heggem
utvalssekretær

Sakliste

| Saksnr | Sakstittel | Lukka |
|---------------|---|--------------|
| PS 6/10 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte | |
| PS 7/10 | Referatsaker | |
| PS 8/10 | Tilskott til prioriterte idrettsanlegg - 3 søknader 2010 | |
| PS 9/10 | Reglement godtgjersle folkevalde | |
| PS 10/10 | Budsjettsaldering 2010 og driftskonsekvensar | |
| PS 11/10 | Rapportering vedtak kommunestyret for 2.halvår 2008 og heile 2009 | |

Saksdokumenter er lagt ut til offentlig innsyn på rådhuset/servicetorget, biblioteket, frivilligsentralen, nærbutikkar og www.sykkylven.kommune.no

PS 6/10 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

PS 7/10 Referatsaker



Dato: 21.01.2010
Arkivref: 2010/109-565/2010

Saksbeh.: Halstein Kurseth

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|--------|--------------------------------|------------|
| 5/10 | Levekårsutvalet | 02.02.2010 |
| 8/10 | Formannskapet Kommunestyret | 08.02.2010 |

Tilskott til prioriterte idrettsanlegg - 3 søknader 2010

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Sykkylven kommune viser til søknaden frå Sykkylven Motocrossklubb om klubbhus til motocrossanlegget og legg til grunn ein finansieringsplan på kr. 2.102.000
Sykkylven kommune viser til "Retningsliner for kommunalt tilskott til private utbyggjarar" og gjev tilsegn om kommunal medverknad i finansieringa av klubbhus med kr. 300.000 fordelt over 4 år.
Utifrå vanskeleg kommuneøkonomi så må det takast atterhald om kommunen kan fordele midlane over lengre tid.
2. Sykkylven kommune viser til søknaden frå Sykkylven Jeger- og fiskeforening om elbane/storviltbane og legg til grunn ein finansieringsplan på kr. 1.380.000.
Sykkylven kommune viser til "Retningsliner for kommunalt tilskott til private utbyggjarar" og gjev tilsegn om kommunal medverknad i finansieringa av elgbana med kr. 460.000 fordelt over 4 år.
Utifrå vanskeleg kommuneøkonomi så må det takast atterhald om kommunen kan fordele midlane over lengre tid.
3. Sykkylven kommune viser til søknaden frå Sykkylven idrottslag om garderobehus - trinn 2 og legg til grunn ein finansieringsplan på kr. 2.941.000.
Sykkylven kommune viser til "Retningsliner for kommunalt tilskott til private utbyggjarar" og gjev tilsegn om kommunal medverknad i finansieringa av garderobehus - trinn 2 med kr. 700.000 fordelt over 4 år.
Utifrå vanskeleg kommuneøkonomi så må det takast atterhald om kommunen kan fordele midlane over lengre tid.

Saksprotokoll frå møtet i Levekårsutvalet - 02.02.2010

Behandlingsinformasjon:
Halstein Kurseth orienterte.
Tilråding frå Sykkylven Idrettsråd vart lagt på bordet.

Krf v/Odd Krüger la fram slikt forslag til pkt. 4 i rådmannen sitt framlegg til vedtak:
På neste møte vert det lagt fram forslag til reviderte retningsliner for kommunale tilskot til private utbyggjarar.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen med tillegg av Odd Krüger sitt forslag til pkt. 4.

Levekårsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Sykkylven kommune viser til søknaden frå Sykkylven Motocrossklubb om klubbhus til motocrossanlegget og legg til grunn ein finansieringsplan på kr. 2.102.000

Sykkylven kommune viser til "Retningslinjer for kommunalt tilskott til private utbyggjarar" og gjev tilsegn om kommunal medverknad i finansieringa av klubbhus med kr. 300.000 fordelt over 4 år. Utifrå vanskeleg kommuneøkonomi så må det takast atterhald om kommunen kan fordele midlane over lengre tid.

2. Sykkylven kommune viser til søknaden frå Sykkylven Jeger- og fiskeforening om elgbane/storviltbane og legg til grunn ein finansieringsplan på kr. 1.380.000. Sykkylven kommune viser til "Retningslinjer for kommunalt tilskott til private utbyggjarar" og gjev tilsegn om kommunal medverknad i finansieringa av elgbana med kr. 460.000 fordelt over 4 år. Utifrå vanskeleg kommuneøkonomi så må det takast atterhald om kommunen kan fordele midlane over lengre tid.

3. Sykkylven kommune viser til søknaden frå Sykkylven idrottslag om garderobehus - trinn 2 og legg til grunn ein finansieringsplan på kr. 2.941.000. Sykkylven kommune viser til "Retningslinjer for kommunalt tilskott til private utbyggjarar" og gjev tilsegn om kommunal medverknad i finansieringa av garderobehus - trinn 2 med kr. 700.000 fordelt over 4 år. Utifrå vanskeleg kommuneøkonomi så må det takast atterhald om kommunen kan fordele midlane over lengre tid.

4. På neste møte vert det lagt fram forslag til reviderte retningslinjer for kommunale tilskott til private utbyggjarar.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunen har i samband med søknader om spelemidlar til idrettsanlegg, motteke 3 søknader som medverknad i finansieringa. Dette gjeld klubbhus ved Motocrossbana i Hundeidvik, Elgbane/storviltbane og SIL Garderobehus Trinn 2.

Planane er elles idrettsfunksjonelt førehandsgodkjent i delegert sak. Søknad om spelemidlar er oversendt fylket innan fristen 15.januar 2010.

I saka nedanfor vil alle 3 søkjarane bli handsama samla:

Saksopplysning

Klubbhus ved Motocrossbane

Vi har motteke planar av 10.1.2009 frå Sykkylven Motocrossklubb om bygging av klubbhus ved motocrossbana i Megardsdalen i Hundeidvik – Sykkylven kommune.

Planane og søknad om klubbhus vart fremja i 2009, men vart ikkje førehandsgodkjent då teikningane ikkje stetta krava. Motocrossbana vart opna i juni 2009.

Planar for anlegget har blitt utarbeidd etter gjeldande reglar for slike anlegg. Søkjar har hatt nært samarbeid Noregs Motorsportforbund. Dette er eitt av forbunda i Noregs Idrettsforbund.

Anlegget er fremja som ordinært anlegg. (OA).

Sykkylven Motocrossklubb vart etablert i mai 2004 og har no 60 medlemmer og 25 syklar.

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv:

Anlegget var innrullert i planprosessen i 2008. Kommunestyret gjorde vedtak på møte 16. februar 2009 og dette anlegget kom inn som siste anlegg på ein 12.plass.

I 2009 har to anlegg gått ut av handlingsprogrammet fordi dei har fått innvilga spelemidlar og klubbhuset har no 10.prioritet. Sjå vedlagte HP ./.

Behovsoppgåve som grunnlag for dimensjonering:

Det ligg føre ei 4 sider behovsoppgåve utarbeidd av Sykkylven Motocrossklubb og NMF som grunnleggjend behovet for å ha eit klubbhus med fasilitetar til trening og konkurransar. Her blir verkstad og sanitæranlegg og det er lagt vekt på at bygget skal vere universelt utforma. Klubben har fått kjøpt 6 brakker frå Møre og Romsdal fylke - vidaregåande skule - som skal danne grunnlag for 2.etasje på klubbhuset.

Enkelt kostnadsoverslag:

Det ligg ved eit detaljert kostnadsoverslag av 10.1.2009 på totalt **kr. 2.101.000**. Deler av overslaget er detaljert og mengdeberekna med pris pr. kvm/løpemeeter. Det er tydeleg rekna med dugnadsarbeid for kr. 640.000. Sum kostnad med mva er kr. 1.461.000.

Kostnadsoverlaget på kr. 2.101.000 blir tilrådd godkjent.

Finansieringsplan:

Det er lagt ved ein finansieringsplan for heile prosjektet. Denne kjem fram slik: "Klubben søker herved Sykkylven kommune om 300 000 kr for å fullfinansiere byggetrinn 2. Klubben har tidligare fått 250 000 kr til finansiering av byggetrinn 1 - 2008"

Ein **ny** finansieringsplan vil då sjå slik ut:

| | |
|------------------|---------------|
| Spelemidler | kr. 700.000 |
| Kommunale midlar | kr. 300.000 |
| Egenkapital | kr. 280.000 |
| Lån | kr. 181.000 |
| Dugnad | kr. 640.000 |
| Sum | kr. 2.101.000 |

På klubbhus er reglane 1/3 i stønad inntil kr. 700.000. Samla kostnad for huset blir då 2,1 mill for å få full stønad. **Sykkylven kommune godkjenner ny finansieringsplan på kr. 2.101.000.**

Vurdering

Det har vore arbeidd lenge og grundig med dette prosjektet sidan 2005. Ein har funne ein stad der grunneigar har gått med på å etablere eit anlegg. Det er arbeidd fram ein reguleringsplan for området og det er gjennomført støymålingar. Kommunestyret og nærings- og utviklingskomitèen har handsama saka fleire gonger. Det er eit sterkt ønskje frå motormiljøet i Sykkylven at dette anlegget blir realisert. Klubben fekk kr. 20.000 i ungdomsmidlar i 2006 for å arbeide fram reguleringsplanen og kr. 230.000 i 2008. Klubben deler prosjektet i byggetrinn 1 og 2. Å ta dette samla vil nok bli eit for stort løft for ein nystarta klubb. Eit klubbhus vil nok ta 1-2 år å bygge. Delvis på dugnad og med innleigd hjelp. Erfaringar med andre anlegg er at det tek lengre tid enn forventa å bygge å gjennomføre prosjekta. Det vil ta 3-4 år før evt. spelemidler kjem og det vil seie at ein må forskottere byggearbeidet.

Elgbane

Vi har motteke justerte planar av 14.1.2009 for elgbane/storviltbane ved Svartevatnet. Søkjar er Sykkylven Jeger- og fiskeforening.

Det er no lagt opp til eit felles skyteanlegg ved Svartevatnet, på grensa mellom Sykkylven og Stranda kommune, mellom Klippe og Tjoreveden.

Planane har vore arbeidd fram hausten 2008 og 2009 og har vore til uttale hjå Fylkeskulturavdelinga. Dei har i brev av mars 2009 uttalt seg om planane og sagt frå kva som er i orden og kva som er mangelfullt. Manglane i planane er no retta opp. Anlegget er fremja som ordinært anlegg. (OA).

Med bakgrunn i Kulturdepartementet sin "Forskrift og bestemmelser om tilskudd av spillemidlene til anlegg for idrett og friluftsliv – 2009" gjeld det følgjande krav til førehandsgodkjenning av planar:

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv:

Anlegget er med i Sykkylven kommune sin kommunedelplan for idrett og friluftsliv 2010-2013. Anlegget står no på 8.prioritet i handlingsprogrammet og er ført opp med gjennomføring i 2011.

Dette er byggetrinn 3 i skyteanlegget og elgbana er prioritert saman med klubbhuset.

Sykkylven JFF har tidlegare bygt leirduebana i anlegget. Denne var òg finansiert av spelemidlar og fekk kommunale midlar.

Denne planen signaliserte heilt frå 2003 at ein må ha eit sentralanlegg for skyting i Sykkylven kommune. No har ein fått inngått avtale med grunneigarlaga Brudevoll, Hjortdal og Hole. Reguleringsplan er utarbeidd og eigengodkjent i Sykkylven kommunestyre 16.desember 2002.

Behovsoppgåve:

Det ligg ved fyldig brev av 11.1.09 frå Sykkylven Jeger- og fiskeforening om behovet for anlegget ved Svartevatnet. Likeeins brev av 30.11.07 frå Norsk Jeger og Fiskeforbund som grunngjev behovet for anlegget. Bana skal m.a. brukast til jegerprøva og opplæring i storviltjakt på bevegelige mål. På desse kantar er det sjølvsagt hjort som er mest aktuelt. Elg er det lite av enno.

Bliir bana realisert, så er det einaste storviltbana i Møre-regionen.

Kostnadsoverslaget:

I 2009 var det lagt opp til ein kostnad på kr. 2.119.000. Denne vart seinare redusert med kr.640.000 sidan ein valgte å kombinere anlegget med 100 m bana. Jmf. brev av 12.12.08. Då vart kalkyla på kr. 1.500 000. Då tok ein med ikkje- tilskottsberettiga kostnader på kr. 104.881. No er dei trekt frå slik at rett kostnadsoverlag er på kr. 1.380.000.

| | |
|----------------------|------------------|
| Graving | 283.780 |
| Storviltbane | 138.710 |
| Standplasshus | 335.992 |
| Betongarbeid | 207.162 |
| Skivehus og stativ | 117.934 |
| Elektro.anvisning | 64.820 |
| El. installasjon | 112.500 |
| Adm.rekneskap | 51.975 |
| Pristigning | 31.170 |
| Byggelånsrenter | 34.566 |
| Sum inkl. mva | 1.378.609 |

Sykkylven kommune godkjenner nytt kostnadsoverslag på kr. 1.379.000 slik det ligg føre.

Finansieringsplan:

Det er derfor utarbeidd ny finansieringsplan på storviltbana. Tala kjem fram slik:

| | |
|---------------------|------------------|
| Spelemidlar | 460.000 |
| Kommunale midlar | 460.000 |
| Dugnad/Eigne midlar | 460.000 |
| Sum | 1.380.000 |

Sykkylven kommune godkjenner ny finansieringsplanen på kr. 1.380 000 slik den ligg føre.

Vurdering tilskott:

Då må ein gå inn på ordninga med "kommunalt tilskott til private idrettsanlegg". I denne saka dreier det seg om kr. 460.000 fordelt over 4 år. Retningslinene var oppe i samband med rullering av kommunedelplan i 2009. Det vart då samtykka i å halde fram med ordninga.

Sykkylven kommune har hatt praksis med å gjere vedtak om 1/3 finansiering frå kommunen, til anlegg som får spelemidlar. Det er kø på denne ordninga og fleire lag ligg framom med f.eks. garderobeanlegg. To skyteanlegg vil få siste utbetaling på dette i 2010. Då vil tilskottsposten gå til garderobehuset til SIL.

Garderobehus - Trinn 2

Bakgrunn for saka

Sykkylven idrottslag legg fram justerte planar for Garderobehus trinn 2.

Planar og søknad var sendt inn i 2009, men måtte justerast. No er m.a lagt inn heis i bygget. Sykkylven idrettslag fekk spelemidlar i 2008 og 2009 til trinn 1 på tilsaman kr. 940.000.

Saksopplysning

Med bakgrunn i Kulturdepartementet sine " Forskrift og bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2009", gjeld følgjande krav til førehandsgodkjenning av planar:

Planane skal ha idrettsfunksjonell godkjenning i kommunen.

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv:

Anlegget var innrullert i planprosessen i 2003 og 2004.

I Handlingsprogrammet for 2010-2013 så ligg anlegget inne på 2.prioritet av nye anlegg.

Handlingsprogrammet vart vedteke den 16.februar 2009 og er ajourført i januar 2010.

To anlegg er teke ut av programmet då dei har fått innvilga spelemidlar - det er Garderobebygg trinn 1 og Motocrossbane i Hundeidvik. Elles er er prioriteringslista uendra.

Behovsoppgåve:

Det ligg ved nytt brev av 30.09.2009 frå Sykkylven Idrettslag om forklaring og behovet for byggetrinn 2. Byggetrinn 2 innheld: innreiing av råbygget oppe gardobebygget. Her er det publikumstolett, kiosk, kjøkken, varmestue, kontor og arkivrom. På loftet gjeld dette speakerbu/kontor, møterom og sosialt rom.

Med innstallering av heis vil alle brukarar nå desse funksjonane i bygget.

Planane var til uttale hos MARIK våren 2003 og i brev av 24.4.2003 står det m.a: "Hvis det er naturlig, byggeteknisk og i forhold til utforming, at disse 2 byggetrinn "fysisk henger sammen", så vil ikke det være til noe hinder for at søknad kan fremmes".

Det ligg føre skriv frå Bonesmo Bygg Consult av 30.10.2003 og frå SIL av 30.10.2003 som begrunner oppdeling av prosjektet i 2 byggetrinn.

Vi ser vel at det har vore noko forvirring her og at momentet med heis har også aktualisering korrigerering av trinn 2.

Vi ser dette som avklart no og godkjenner behovsvurderinga slik den no ligg føre.

Kostnadsoverslaget:

Det ligg føre nytt kostnadsoverslag av 30.9.2009.. Hovedsummane går fram slik:

| | |
|-------------------------|-----------|
| Innreiingsarbeid | 1.375.000 |
| Rullestolheis | 165.000 |
| Rørleggerarbeid | 295.000 |
| Elektrikerarbeid | 513.000 |
| Ventilasjon | 187.500 |
| Kjøkkeninnreiing | 205.000 |
| Byggelånsrenter | 100.000 |
| Uforutsett/Prisstigning | 100.000 |

Samla kostnad for anlegget 2.941.000

Ein har jobba fram nytt og spesifisert kostnadsoverslag for heile innreiingsarbeidet. Det ligg føre tilbud/anbud på faga. Dette var sendt med i 2009.

Det nye no er at det er lagt inn heis i bygget. Den er kostnadsrekna til kr. 165.000. Ein vil såleis imøtekome krava om universell utforming av bygget.

Samla sett kan ein vel seie at kostnadane er høge for dette anlegget. SIL har fått dei signala og gjennomgått kostnadar og talmateriale. Elles ser ein at garderober/våtrom er kostbare bygg. Det er elles lagt vekt på at det er høg kvalitet i garderober og dusjrom for at det skal blir mest mogleg vedlikehaldsfritt.

Sykkylven kommune godkjenner kostnadsoverslaget slik det ligg føre.

Finansieringsplan

Det ligg føre ny og justert finansieringsplan av 30.9.2009:

| | |
|--------------------|---------------------|
| Spelemidlar | kr. 700.000 |
| Kommunalt tilskott | kr. 700.000 |
| Eigenkapital | kr. 165.000 |
| Lån | kr.1.376.000 |
| Sum | kr.2.941.000 |

Det ligg ved årsmøtevedtak frå 22.2.09 om opptak av lån på kr. 1.400.000. Eigenkapital på kr. 165.000

er dokumentert. Kommunal finansiering knyter seg til ordninga som kommunen har hatt gjennom ei årrekkje. I denne saka dreier det seg om kr. 700.000 fordelt over 4 år. Felles sak om 3 søkjarar vil bli lagt fram i februar.

Sykkylven kommune godkjenner finansieringsplanen.

Felles vurdering - Økonomiske konsekvensar

Kommunen har gjort vedtak tidlegare om følgjande tilskott til idrettsanlegg:

| Anlegg | Tilskott | Utbet | Rest 2010 |
|------------------------|-----------------|----------------|------------------|
| <i>Pistolbane</i> | <i>331.000</i> | <i>248.250</i> | <i>82.750</i> |
| <i>200 m skytebane</i> | <i>594.000</i> | <i>445.500</i> | <i>148.500</i> |
| Garderobehus Trinn 1 | 945.000 | 117.750 | 830.250 |
| Motocrossbane | 250.000 | 50.000 | 200.000 |

I 2010 er det sett av kr. 300.000 til dette føremålet og vi blir då ferdig med pistolbane og 200m og garderobehuset kan få eit tilskott på kr. 70.000. Frå 2011 vil garderobehuset få utbetaling. Så blir prosjekta prioritert etter lista.

Det har òg vore eit **krav at søkjaren skal ha fått tilsegn** om spelemidlar før dei kommunale midlane kjem. Kommunen har **alltid teke atterhald om at midlane kan fordelast over lengre tid** - utifrå vanskeleg kommuneøkonomi. Dette har idretten heile tida vore innforstått med. Ingen har derfor klagt på denne ordninga.

Idrettslaga står fritt i å velje om dei vil søkje om midlar frå kommunen eller ikkje. Kommunen står elles fritt i å velje om ein vil gje tilskott til private idrettsanlegg.

Sykkylven kommune har hatt praksis med å gjere vedtak om 1/3 finansiering frå kommunen.

Det er kø på denne ordninga og fleire lag ligg framom med f.eks. skyteanlegg og garderobehus.

Siste åra har det vore løyvd kr. 350-400.000 årleg frå denne budsjettposten. Det vil såleis gå fleire år før evt. klubbane vil få desse midlane.

Sykkylven kommune har så langt støtta opp om anlegg og signalisert og vedtatt å vere med på 1/3 i finansieringa. Tidlegare vedtak har vore formulert slik at ein betaler tilskottet over 4 år og at ein tek atterhald om vanskar i kommuneøkonomien. Dette har vore greitt for søkjarane og for Fylkeskulturavdelinga med omsyn til spelemidlane.

Alternativet for kommunen vil vere å ikkje gå inn med kommunale midlar i slike idrettsanlegg. Det vil alltid vere problematisk å gjere vedtak som bind opp kommunale midlar i mange år framover. Retningslinene kan takast opp til ny vurdering med sikte på anleggsutbygging i åra framover. Framleis er det idrettslaga som eig og driv dei fleste idrettslag i kommunen. Kommunen sjølv har teke ansvar for dei største og tyngste på driftssida. Dette er ei vanleg oppgåvefordeling i Noreg.

Idrettsrådet har i alle år støtta denne anleggspolitikken.

Saka blir lagt fram for Sykkylven idrettsråd til uttale før endeleg vedtak i formannskap/kommunestyre.

Ole-Johan Lillestøl
rådmann

Halstein Kurseth
einingsleiar

Vedlegg:

- 1 Kommunale retningsliner tilskott til idrettsanlegg
- 2 Handlingsprogram 2010-2013

4.4.2. Kommunale tilskot til private utbyggjarar - Retningsliner

Sykkylven kommune har heilt sidan 1985 utarbeida egne retningsliner for engasjement i utbygging av anlegg og område for idrett og friluftsliv. Sist revidert i Sykkylven kommunestyre **22.mai 2000, sak 43/00:**

- 1.1 Tilskott vert gjeve berre til anlegg og område som også får tilskott av statlege midlar.*
- 1.2 Anlegg og område som får tilskott, skal ha naudsynt godkjenning av dei aktuelle kommunale organ.*
- 1.3 Berre anlegg og område som er med i den til ei kvar tid gjeldande prioriteringslista for utbygging og tilrettelegging av anlegg og område for idrett og friluftsliv dei næraste 4 åra, kan få tilskott. Anlegga og områda får tilskott i den rekkjefølgja dei er prioriterte.*
- 2.1 Tilskottet frå kommunen skal til vanleg vere halvparten av dei stønadsberettiga kostnadene som dei statlege midlane ikkje dekkjer. Stønadsgrunnlaget skal vere det same som Kulturdepartementet nyttar.*
- 2.2 Storleiken på tilskottet skal bestemmast ut frå faktiske kostnader etter rekneskap revidert av kommunerevisjonen.*
- 3.1 Alle søknader om tilskott skal behandlast av Sykkylven Idrettsråd.*
- 3.2 Søknad om tilskott frå kommunen må, i kvar einskild sak, leggjast fram for kulturutvalet, formannskapet og kommunestyret for avgjerd.*
- 3.3 Kommunestyret vil gjere vedtak om tidspunkt for eventuell utbetaling i kvar einskild sak. Kommunale tilskott må innarbeidast i økonomiplanen og årsbudsjett.*
- 3.4 Søknader om kommunalt tilskott til idrettsanlegg må innehalde budsjett og driftsplanar som viser at anlegget kan drivast i samsvar med forskriftene for tildeling av spelemidlar. Kulturutvalet ber kulturavdelinga følgje opp dei anlegg som har fått tildelt spelemidlar, slik at dei blir drivne i samsvar med forskriftene.*
- 4.0 Retningslinene blir gjort gjeldande straks og står ved lag til nye reglar blir vedtekne.*
- 5.0 Kommunestyret delegerer til kulturutvalet å gjere årlege revideringar dvs. mindre vesentlege endringar i det 4-årige Handlingsprogrammet. Sykkylven idrettsråd skal ha saka til uttale.*

Dett er i tråd med Kulturdepartementet sitt rundskriv V 5/98 om Planbehandling 3. ledd om revidering av handlingsprogram. Hvis det ikkje er vesentlige endringar, så kan dette delegerast til eit hovudutval. Idrettsrådet skal ha saka til uttale.

8. Handlingsprogram 2010-2013

Sykkylven kommunestyre 16.februar 2009. Hovudrullering i 2008. Sykkylven idrettsråd 14.januar 2009. Levekårsutvalet 10.februar 2009. Ajourført: 15.1.2010

| Nr. | Anlegg | Stad | Utbyggjar | Type | Kategori | Kostnad i 1000 kr. | Anleggstart - finansiering | | | | | | | | | | | |
|-----|-----------------------------------|--------------|---|------|----------|--------------------|----------------------------|------|------|------|------|------|------|-----|------|------|----|----|
| | | | | | | | 2010 | | | 2011 | | | 2012 | | | 2013 | | |
| | | | | | | | KM | SM | PR | KM | SM | PR | KM | SM | PR | KM | SM | PR |
| 1 | Kunstgrasanlegg | Sykk.stadion | Sykkylven kommune | K | OA | 6899 | 3299 | 2300 | 1300 | | | | | | | | | |
| 2 | Garderobebygg II | Sykkylven | Sykkylven idrettslag | K | OA | 2941 | 700 | 700 | 1541 | | | | | | | | | |
| 3 | Sykkylven Golfpark | Tusvik | Sykkylven Golfklubb | K | OA | 3857 | 0 | 1254 | 2600 | | | | | | | | | |
| 4 | Lysløype/Snøprod.anlegg | Fjellsetra | Kommune/idrettslaga/Sykk.friluftssenter | K | OA | 3575 | | | | 0 | 1190 | 2385 | | | | | | |
| 5 | Sykkylven Ungd.skule | Sykkylven | Sykkylven ungdomsskule/SK | NA | NA | X | | | | X | X | 0 | | | | | | |
| 6 | Idrettsdekke/Golv | Velledalen | Velledalen grendahus | K | OA | 300 | | | | 100 | 100 | 100 | | | | | | |
| 7 | Nye tak Storhallen | Sykkylven | Sykkylven kommune | K | RE | 5021 | | | | 3348 | 1673 | 0 | | | | | | |
| 8 | Skytebane III: Elgbane/Skyttarhus | Tjoreveden | Sykkylven JFF/ Sykkylven skyttarlag | K | OA | 1380 | | | | 460 | 460 | 460 | | | | | | |
| 9 | Hestesport - Ridehall | Haugseth | Sykkylven rideklubb | K | OA | 2411 | | | | | | | 803 | 804 | 804 | | | |
| 10 | Motocross II - Klubbhus | Hundeidvik | Sykkylven Motocrossklubb | K | OA | 2102 | | | | | | | 300 | 700 | 1102 | | | |

Sykkylven, 15.januar 2010

8.2. Upprioritert utbyggingsliste for dei neste 10 - 12 åra

| <i>Anleggstype/stad</i> | <i>Anleggskategori</i> | <i>Kategori</i> | <i>Dimensjonering</i> | <i>Eigar/utbygger</i> |
|-------------------------|--|-----------------|-----------------------|-------------------------------|
| Sykkylven | Nytt toppdekke Aure grusbane/ kunstgras | OA | | Fotballaga i kommunen |
| Heile kommunen | Rehabilitering av 3 grasbaner | OA | | HIL, VIL og VRF |
| Storhallen | Utviding av Storhallen | OA | 35 x 55m | Sykkylven kommune |
| Storhallen | Klatrevegg | NA | 12 m | Sykkylven kommune |
| Heile kommunen | Anlegg/aktivitetsflate for uorg.idrett/ballingar | NA | Variabel | Lag/kommune/FAU/andre |
| Tusvik/ sentrumsområde | Turløype / trimløyper | NA | | Lokalt ynskje/ kommune/skular |
| Fjellseter | Fiskeplassar | NA | | Sykk. Jeger- og Fiskeforening |
| Ikornes | Parkanlegg | NA | | Lokalt ynskje |
| Straumgjerde | Treningsfelt - kunstgras ? | OA | | VRF |
| Hundeidvik | Nye garderober i Hundeidvik grendahus | OA | | Hundeidvik Idrettslag |



Sykkylven kommune

Kultureininga

Møre og Romsdal Fylkeskommune
Kulturavdelinga, Fylkeshuset
6404 MOLDE

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Vår dato: 02.02.2010
Vår ref.: 2010/153-1023/2010
Klassering: C20

Saksbeh.: Halstein Kurseth
Telefon: 70 24 67 53

Særutskrift - Tilskott til prioriterte idrettsanlegg - 3 søknader - 2010 - Sykkylven

Sykkylven idrettsråd

Sak 2/2010

Jmf. einingsleiar sitt brev av 21.1.2010.

Møte 1. februar 2010

Desse var til stades: Per Atle Sjøstad (leiar), Tormod Helgesen, Ronny Utgård, Dagfinn Nordstrand og Kjell Fjællingsdal (vara).

Einingsleiar kultur og idrettskonsulent orienterte. Idrettsrådet stilte spørsmål og drøfta saka.

Samrøystes vedtak: som innstillinga

TILRÅDINGA VERT DERMED:

1. Sykkylven kommune viser til søknaden frå Sykkylven Motocrossklubb om klubbhus til motocrossanlegget og legg til grunn ein finansieringsplan på kr. 2.102.000
Sykkylven kommune viser til "Retningsliner for kommunalt tilskott til private utbyggjarar" og gjev tilsegn om kommunal medverknad i finansieringa av klubbhus med kr. 300.000 fordelt over 4 år.
Utifrå vanskeleg kommuneøkonomi så må det takast atterhald om kommunen kan fordele midlane over lengre tid.
2. Sykkylven kommune viser til søknaden frå Sykkylven Jeger- og fiskeforening om elbane/storviltbane og legg til grunn ein finansieringsplan på kr. 1.380.000.
Sykkylven kommune viser til "Retningsliner for kommunalt tilskott til private utbyggjarar" og gjev tilsegn om kommunal medverknad i finansieringa av elgbana med kr. 460.000 fordelt over 4 år.
Utifrå vanskeleg kommuneøkonomi så må det takast atterhald om kommunen kan fordele midlane over lengre tid.

3. Sykkylven kommune viser til søknaden frå Sykkylven idrottslag om garderobehus - trinn 2 og legg til grunn ein finansieringsplan på kr. 2.941.000.
Sykkylven kommune viser til "Retningsliner for kommunalt tilskott til private utbyggjarar" og gjev tilsegn om kommunal medverknad i finansieringa av garderobehus - trinn 2 med kr. 700.000 fordelt over 4 år. Utifrå vanskeleg kommuneøkonomi så må det takast atterhald om kommunen kan fordele midlane over lengre tid.

Rett utskrift:

Halstein Kurseth
einingsleiar



Dato: 19.01.2010
Arkivref: 2010/64-444/2010

Saksbeh.: Synnøve Hunnes

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|--------|---------------|------------|
| 9/10 | Formannskapet | 08.02.2010 |

Reglement godtgjersle folkevalde

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Formannskapet godkjenner framlegg til nytt reglement for godtgjersle.
2. Reglementet blir gjort gjeldande frå budsjettåret 2010.

Saksutgreiing

Bakgrunn for sak

Servicetorget finn det til tider vanskeleg å tolke det reglementet som finst for godtgjeringar i dag. Vi ynskjer eit reglement som er meir presist, og der formannskapet skal tolke regelverket dersom noko er uklart.

Saksopplysning

Satsar for godtgjering vart sist revidert i oktober 2008. Vi føreslår ikkje endringar i desse.

Av presiseringar tar vi inn fylgjande :

- o punkt 1 - godtgjersle til ordførar skal ikkje endrast i 2010 (jmf. budsjettvedtak for 2010)
- o punkt 4.4. - vi inkluderer oppmøte i generalforsamling til dette punktet, samtidig presiserer vi korleis utbetaling skal skje når møte er i samband med eit ordinært møte.
- o punkt 4.5 - vamedl. som møter i enkeltsaker får 1,10 o/oo av ordførar si godtgjersle - dette utgjør omlag halvparten av møtande medlemar.
- o punkt 4.7 Overformyndar får 1 G - nytt ved forhandling og tilsetjing av ny overfomyndar i 2008
- o punkt 4.8 - nokre presiseringar for kommunalt tilsette
- o punkt 4.9 - presisering vedkomande prosjektarbeid
- o punkt 9 - presiseringar i høve utbetalingar
- o punkt 10 - tolking av reglement skal til formannskap

Vurdering

Vi har samanlikna vårt reglement med reglement for Møre og Romsdal fylke og nabokommunen vår Stranda. Det viser seg at begge to har eit meir detaljert og omfattande reglement enn det vi har i dag. Sykkylven kommune ser behovet for ei presisering.

Økonomiske konsekvensar

Ole-Johan Lillestøl
rådmann

Synnøve Hunnes
einingsleiar

Vedlegg:

- 1 Forslag til reglement for godtgjersle til folkevalde - Sykkylven kommune
- 2 Reglement godtgjersle folkevalde pr dato



Sykkylven kommune

Serviceforretning

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Vår dato: 13.01.2010
Vår ref.: 2010/64-267/2010

Saksbeh.: Heidi Heggem
Telefon: 70246657

Reglement for godtgjersle til folkevalde - Sykkylven kommune

Reglementet gjeld frå og med budsjettåret 2010.

1. ORDFØRAR

Ordføreren har i 2010 ei godtgjersle på 655.000,- pr år. Ordførarvervet er fastsett til 100% stilling. Ordførar får ikkje utbetalt møtegodtgjersle. Ordførar si løn skal frå 2011 forhandlast for på lik linje med andre stillingar.

1.2 VARAORDFØRAR

Godtgjersle til varaordførar er fastsett til 10% av ordførarens løn. I tillegg til den faste godtgjersla vert det utbetalt møtegodtgjersle. Ved ein eventuell permisjon frå ordførar får varaordførar godtgjersle som ordførar.

3. FAST GODTGJERSLE

3.1 Formannskapet

Formannskapetets medlemmer – utanom ordførar - får fast godtgjersle på 4,8% av ordførarens godtgjersle.

3.2 Utvalsleiarar

Leiarar i Levekårsutvalet, Nærings- og utviklingsutvalet og Kontrollutvalet får ei årleg godtgjersle på 4,8% av ordførarens godtgjersle.

Folkevalde som mottok fast årleg godtgjersle får ikkje møtegodtgjersle for same møta.

4. MØTEGODTGJERSLE

4.1 Møtande varamedlemmer i formannskapet

Møtande varamedlemmer i formannskapet får ei godtgjersle på 2,25 o/oo av ordførarens godtgjersle pr møte.

4.2 Medlemmer og møtande varamedlemmer i kommunestyret

Medlemmer og møtande varamedlemmer i kommunestyret får ei godtgjersle på 2,25 o/oo av ordførarens si godtgjersle pr møte.

4.3 Medlemmer i Levekårsutvalet, Nærings- og utviklingsutvalet og Kontrollutvalet

Medlemmer i Levekårsutvalet, Nærings- og utviklingsutvalet og Kontrollutvalet får ei godtgjersle på 2,25 o/oo av ordførarens godtgjersle pr møte.

4.4 Medlemmer i AMU og andre kommunale utval

Medlemmer i AMU og andre kommunale utval (arbeidsgrupper/ad-hoc-utval/kommunale representantar i årsmøte/ generalforsamling/ samarbeidsutval) får ei godtgjersle på 1,2 o/oo av ordføraren si godtgjersle

pr møte. Dersom generalforsamling er kommunestyret eller formannskapet sine medlemmar, og generalforsamling er i samband med eit ordinært møte, så blir det utbetalt godtgjersle for vanleg kommunestyre- eller formannskapsmøte.

4.5. Vara - oppmøte i enkeltsaker

Varamedlemar som møter i enkeltsaker får 1,10 o/oo av ordførar si lønn.

4.6 Leiarar i AMU og andre kommunale utval

Leiarar i AMU og andre kommunale utval får ei godtgjersle på 2,4 o/oo av ordføraren si godtgjersle pr møte.

4.7 Overformyndar m/sekretærfunksjon

Overformyndar m/sekretærfunksjon for overformynderiet frå ei årleg godtgjersle på 1G. Medlemmer og varamedlemmer frå ei godtgjersle som medlemmer i andre utval. Jmf. pkt 4.4

4.8 Kommunalt tilsette

Kommunalt tilsette og andre som i kraft av stillinga si har møteplikt i kommunale utval får ikkje møtegodtgjersle for møte som vert halde i arbeidstida deira. For møte utanom arbeidstida skal det takast ut avspasering.

Tillitsvalde og andre tilsette i partssamansett utval (AMU og adm.utval) har ikkje rett til godtgjersle om møte skjer i arbeidstida deira.

4.9 Prosjektarbeid

For større prosjektarbeid skal formannskapet fastsetje/vurdere godtgjersle.

5. VALGODTGJERSLE

5.1 Leiar i røystestyra

Leiar i røystestyra får ei samla godtgjersle på kr 1.250.

5.2 Nestleiar av røystestyra

Nestleiar i røystestyra får ei samla godtgjersle på kr 1.000. Medlemmer og møtande varamedlem får ei samla godtgjersle på kr 800.

6. REISEUTGIFTER

Reiseutgifter vert dekt etter kommunalt regulativ.

Det vert betalt km-godtgjersle/dekt bussutgifter til dei som har meir enn 3 km ein veg til møtestaden. Vidare vert det dekt utgifter til passering av Sykkylvsbrua. Dei som har årskort får dekt etter denne satsen.

7. TAPT ARBEIDSINNTEKT

Tapt arbeidsinntekt vert godtgjort etter legitimasjon med inntil kr 1.050,- pr møte.

Dersom tapt arbeidsinntekt ikkje kan legitimerast vert den dekt med inntil kr 700,- pr møte. Der det ikkje kan gjevast legitimasjon frå arbeidsgjevar, skal det nyttast eigenerklæring på fastsett skjema.

8. BARNEPASS

Legitimerte utgifter til barnepass vert godtgjort med kr 90,- pr time. Dette gjeld for pass av born under 10 år.

9. UTBETALINGAR

Fast godtgjersle til ordførar og varaordførar vert utbetalt månadleg.

Fast godtgjersle og møtegodtgjersle til leiarar/medlemmer/varamedlemmer i formannskapet/kommunestyret/Levekårsutvalet/Nærings- og utviklingsutvalet/ kontrollutvalet vert utbetalt ein gong kvart halvår.

Møtegodtgjersle til medlemmer/varamedlemmer i AMU og andre utval får utbetaling ein gong pr år.

Tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter, godtgjersle for barnepass vert utbetalt saman med møtegodtgjersle.

For at folkevalde skal få utbetaling av godtgjersle, må møtet/synfaringa vere protokollert med opplysning om deltakarar, møtestad, møtetid og møtelengde.

Sekretær for møtet skal sende opplysningane til servicetorget. Krav om godtgjersle skal førast på eige skjema.

10. TOLKING AV REGLEMENT

Spørsmål om legitimasjon og tolking av reglementet skal avgjerast av formannskapet.

GODTGJERSLE TIL KOMMUNALT FOLKEVALDE

1. Ordfører

Godtgjersle til ordfører vert fram til 01.01.09 fastsett til 100% av rådmannen si løn

2. Varaordfører

Godtgjersle til varaordfører vert fram til 01.01.09 fastsett til 10% av rådmannen si løn + vanleg møtegodtgjersle

3. Fast godtgjering

3.1 Formannskapet

Formannskapsmedlemmane får fast godtgjersle på 4,8% av ordfører si godtgjersle.

3.2 Utvalsløiarar

Løiarar i levekårsutvalet, nærings- og utviklingsutvalet og kontrollutvalet får ei årleg godtgjersle på 4,8% av ordfører si godtgjersle

Folkevalde som mottok fast årleg godtgjersle får ikkje møtegodtgjersle for same møta.

4. Møtegodtgjersle

Møtande varamedlemmer i formannskapet får ei møtegodtgjersle på 2,25 o/oo av ordfører si godtgjersle pr.møte.

Medlemmer og møtande varamedlemmer i kommunestyret får ei godtgjersle på 2,25 o/oo av ordfører si godtgjersle pr.møte.

Medlemmer i levekårsutvalet, nærings- og utviklingsutvalet og kontrollutvalet (jfr.pkt. 3.2) får ei godtgjersle på 2,25 o/oo av ordfører si godtgjersle pr. møte.

Medlemmer i AMU og andre kommunale utval får ei godtgjersle på 1,2 o/oo av ordfører si godtgjersle pr. møte.

Løiarar i AMU og andre kommunale utval får ei godtgjersle på 2,4 o/oo av ordfører si godtgjersle pr. møte.

Overformyndar m/sekretærfunksjon for overformyndriet får ei årleg møtegodtgjersle på kr. 11.000
Medlemmer og varamedlemmer får ei godtgjersle som medlemmer i andre utval.

Valgodtgjersle:

Løiar i røystestyra får ei samla godtgjersle på kr. 1.250.

Nestløiar i røystestyra får ei samla godtgjersle på kr. 1.000.

Medlem og møtande varamedlem får ei samla godtgjersle på kr. 800 pr.møte.

5. Reiseutgifter

Reiseutgifter vert dekt etter reglane i det kommunale reiseregulativet.

Det vert betalt km-godtgjersle/dekt bussutgifter til dei som har meir enn 3 km ein veg til møtestaden. Vidare vert dekt utgifter til passering av Sykkylvsbrua.

6. Tapt arbeidsinntekt

Tapt arbeidsinntekt vert godtgjort etter legitimasjon med inntil kr. 1.050 pr.møte.

Dersom tapt arbeidsinntekt ikkje kan legitimerast vert den dekt med inntil kr. 700 pr.møte.

7. Barnepass

Utgifter til barnepass vert godtgjort med kr. 90 pr.time. Dette gjeld for pass av barn under 10 år.

8. Ymse

Møteåret vert rekna frå 1.11. til 31.10. og utbetaling skjer i desember.

Administrasjonen for dei ymse utvala evt.løiarane leverer inn liste over møte og oppmøte, etter at det er sendt ut brev/skjema for utfylling. Dei attesterte listene vert deretter systematisert og tilvist frå sentraladministrasjonen.

Reglementet er vedteke av Sykkylven kommunestyre den 09.09.02. Revidert 21.10.08

Gjeld frå 01.11.07

Rev. 010109



Dato: 26.01.2010
Arkivref: 2009/798-664/2010

Saksbeh.: Dag Flacké

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|--------|--------------------------------|------------|
| 10/10 | Formannskapet Kommunestyret | 08.02.2010 |

Budsjettsaldering 2010 og driftskonsekvensar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret tar saka til vitande
2. Kommunestyret vedtek budsjettendringar i samsvar med saksutgreiinga og vedlagte budsjettskjema.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sykkylven kommunestyre vedtok drifts- og investeringsbudsjett 2010 i møte 14. desember 2009 (sak 66/09). Budsjettet har vore handsama på rammenivå slik at kvar einskild eining og økonomisk ansvar har fått løyvd ei netto driftsramme.

I vedtakets punkt 5 får rådmannen fullmakt til å fordele hovudpostane i budsjettet. Dette forstår rådmannen slik at han har fullmakt til å saldere budsjettet innanfor vedtekne rammer.

Under kommunestyrets handsaming av saka informerte rådmannen om at han vil legge fram ei sak for kommunestyret med ei orientering om nødvendige driftskonsekvensar av salderinga for einingane, ev. med framlegg om budsjettjusteringar og/eller nye løyvingar.

Saksopplysning

Alle einingsleiarar fekk melding om å gjennomføre budsjettsaldering med konsekvensvurdering innan 8. januar 2010, på bakgrunn av vedtaket i kommunestyret. Rådmannen har arbeidd vidare med dette grunnlaget, og vil i denne saka presentere den forventa driftssituasjonen i kommunen i 2010.

Dei vurderte konsekvensane av ei budsjettsaldering til vedteken ramme for einingane og driftsområda inneber ein samla reduksjon i talet på stillingar på om lag 11 årsverk, samanlikna med situasjonen ved årsskiftet.

Fordelinga i behov for nedbemanning er:

| | |
|-------------------------|---|
| Kommunale barnehagar | 0,2 årsverk + endringar frå neste barnehageår |
| Barneskular | Om lag 5 årsverk + einskildtimar |
| BUAS | Om lag 4 årsverk |
| Heimetenestene distrikt | Om lag 1,4 årsverk |
| SUM | 10,6 årsverk + einskildtimar |

Det er framleis ikkje endeleg klart kva denne nedbemanninga vil ha å seie for tilsette i faste stillingar i kommunen, men det kan sjå ut til at ein vil unngå oppseiingar av fast tilsette innanfor dei fleste driftsområda. Ein kan likevel kome til å måtte foreta oppseiingar av vikarar.

Barnehagar:

I 2009 vart to kommunale barnehagar lagt ned. Det har så langt lukkast å gi tilbod om arbeid i dei resterande kommunale barnehagane til alle tilsette (+ ein permisjon) ved at ein kunne gå inn i vakante stillingar. Talet på tilsette per barnehageavdeling er p.t. 0,2 årsverk meir enn kva minstenorma krev per barnehageavdeling i fylgje barnehagelova. Einingsleiarane i barnehagane peiker på at ein må redusere talet på stillingsheimlar med desse 0,2 årsverk.

Samstundes ser ein at det frå august 2010 vil ble ein del endringar i personalet ved at permisjonar og mellombelse stillingar opphøyrer. Når personar kjem tilbake til sine stillingar etter inneverande barnehageår, ser ein føre seg at det vil bli behov for oppseiingar av personar som no arbeider i kommunen. Omfanget av dette er ikkje klart enno. Alle tilsette er bedne om å melde eigne behov og ynskjer innan primo februar, og ein vil arbeide vidare med bemanningssituasjonen framover.

Barnehagane er stort sett finansiert gjennom øyremerka, statlege tilskot og foreldrebetaling. Det er talet på barn og omfanget av opphaldstid som utgjer størstedelen av dei økonomiske rammene for drift av barnehagar. Kommunens mulegheit for effektivisering av drifta inneber først og fremst å utnytte personalet på ein optimal måte og samstundes tilpasse opphaldstilbodet til dei ulike grensene for statleg støtte.

Bruttokostnadane for drifta av dei kommunale barnehagane dimensjonerer også omfanget på kva den kommunale støtta til dei private barnehagane skal vere. Dess meir kostnadseffektivt kommunen driv eigne barnehagar, dess mindre skal i praksis overførast i "ikkje-diskriminerande-tilskot" til dei private barnehagane (gjeld "eldre" barnehagar som får tilskot etter 85/88%-regelen til forskjell frå dekning etter kostnadsdekkingsprinsippet).

Kommunen vil arbeide vidare med forslag til tiltak for å drifte dei kommunale barnehagane mest muleg kostnadseffektivt.

Einingsleiarane i barnehagane har arbeidd ein del med kostnadsreducerande tiltak i drifta, og foreslår m.a. slike tiltak:

- Legge ned avd. Tobias (eigen avdeling i Grebstadlia) under Ullavik barnehage frå august 2010.
- Reduksjon i driftsmidlar i den einskilde barnehage med 25% i 2010.
- Auke talet på barn frå 14 til 15 i dei store småbarnsavdelingane (føreset at slike plassar er etterspurde)

Samla nettoeffekt av desse tiltaka kan utgjere om lag 550 000 kroner.

Vidare arbeider ein med å endre opningstider og opphaldstid, noko som kan føre til auka statstilskot. Effekten av dette vil ein ikkje sjå før i 2011. Det vil bli lagt fram eigne saker om dette til politisk handsaming.

Sidan barnehagedrifta er avhengig av det faktiske talet på barn i barnehagane og kva opphaldstid desse har, vil det alltid vere usikkerheit knytt til den økonomiske drifta av barnehagane. Storleiken på skjønnskotskoda vil heller ikkje vere endeleg klar før mot slutten av året, og kva som skal overførast til dei private barnehagane vil vere avhengig av rekneskapsresultata for 2009 i kommunen og i dei respektive private barnehagane.

Rådmannen vil vurdere behovet for eigen sak om budsjettammer seinare i 2010, men vurderer inntil vidare at drifta i barnehagane kan tilpassast vedteken ramme.

Barneskular:

Alle barneskulane har saldert budsjetta og gitt meldingar om kva konsekvensar vedtekne rammer vil få for 2010.

Samla reduksjon i talet på tilsette er om lag 5 årsverk + reduksjon i einskildtimar.

I varierende grad har skulane iverksett tiltak allereie i 2009. Ytterlegare konsekvensar for 2010 vil derfor variere.

| | |
|------------------|--|
| Aure skule | Ingen reduksjonar i talet på fast tilsette |
| Hundeidvik skule | Reduksjon med 0,25 årsverk |
| Jarnes skule | Reduksjon med om lag 1 årsverk + einskildtimar |
| Ramstaddal skule | Førebels ingen reduksjon, men må ev. redusere frå august 2010. |
| Tandstad skule | Reduksjon med om lag 1,5 årsverk |
| Ullavik skule | Ingen reduksjonar i talet på fast tilsette no. |
| Velledalen skule | Reduksjon med om lag 0,25 årsverk |
| Vik skule | Reduksjon med om lag 2 årsverk |

Reduksjonane i talet på årsverk vil innebere oppseiingar våren 2010. Men også i skulane skjer det større endringar i samband med nytt skuleår frå august. Kva dette vil ha å seie for personar som må seiast opp no er derfor enno ikkje klart.

Einingsleiarane har i budsjettsalderinga redusert rammene for ordinære driftsutgifter i noko grad, men det er i utgangspunktet små løyvingar til slike utgifter. Budsjettsalderinga inneber derfor i hovudsak reduksjonar i talet på tilsette.

Alle skulane vil greie å oppretthalde minstetimetallet, men konsekvensane blir sterk reduksjon i talet på delingstimar og timar til norsk 2 – for nokre skular vil det ikkje vere rom for delingstimar i det heile – og reduksjon i vedtekne spesialundervisningstilbod.

Det er svært problematisk at ein skule ikkje har rammer for delingstimar. Det inneber at det ikkje er rom for styrking av undervisninga eller mulegheiter for gruppedelingar.

Det er også svært problematisk at ein ikkje ser rom for å gjennomføre tilbod om spesialundervisning i samsvar med enkeltvedtak, sjølv om skulane sjølve har høve til å sette saman tilbod om spesialundervisning på ein heilskapleg måte, t.d. i grupper av elevar med særskilte behov.

Oversikt over status per dato (delingstimar og Norsk 2 er slått saman):

| | <i>Elevar</i> | <i>Klasser</i> | <i>Delingstimar per dato</i> | <i>Delingstimar etter reduksj</i> | <i>Spes.ped per dato</i> | <i>Spes.ped etter reduksj</i> |
|------------|---------------|----------------|---|-----------------------------------|--------------------------|-------------------------------|
| Hundeidvik | 50 | 4 | 6 | 0 | 10 | 10 |
| Jarnes | 109 | 7 | 13 | 2,5 | 47 | 35 |
| Vik | 119 | 7 | 22,5 | 0 | 56,5 | 27 |
| Ramstaddal | 23 | 2 | 8 | 0 | 23 | 10 |
| Ullavik | 146 | 8 | 48 | 48 | 41 | 41 |
| Velledalen | 35 | 3 | 10 | 4 | 12,5 | 12,5 |
| Tandstad | 76 | 5 | 32 | 0 | 34 | 27 |
| Aure | | | Ikkje timeoppsett, men bekreftar drift innanfor ramme | | | |
| SUM | 558 | 36 | 139,5 | 54,5 | 224 | 162,5 |

Sykkylven ungdomsskule/opplæringscenter:

Ungdomsskulen/opplæringscenteret sette i verk tiltak i 2009 for å tilpasse drifta til vedtekne budsjettammer. Desse tiltaka vil få heilårseffekt i 2010, noko som inneber at ein reknar med å drive vidare på same nivå som ved årsskiftet.

Dette føreset inntekter for opplæringscenteret på same nivå som i 2009, noko som ein ikkje har full oversikt over no.

BUAS:

Eininga ser eit samla behov for nedbemanning tilsvarande om lag 4 årsverk. Kutta skjer ved ulike omorganiseringar og ved at vakante stillingar for ein del ikkje fører til nyttilsettingar. Ein unngår dermed oppseiingar i pleietenestene.

Omorganiseringa inneber at Heimetenestene distrikt tek over tenesteyting for serviceleilegheiter på "Loftet" – sone 2 og at ein tilpassar kven som skal bu i desse leilegheitene ut frå bebuaranes tenestebehov og ei slik organisering. Heimetenestene får tilført 0,5 årsverk for dette.

Omorganiseringa medfører ei innsparing på 2,8 årsverk i pleie.

Tiltaka inneber at ein kan oppretthalde talet på bebuarar på BUAS, og inntektsgrunnlaget (husleige og vederlagsbetaling m.m.) blir dermed oppretthalde.

Ein reduserer utkøying av mat til heimebuande frå to til ein gong per veke. Ein vurderer at ei slik omlegging ikkje reduserer kvaliteten på tenesta, sjølv om nokon vil oppleve ei redusert teneste ved at mat for ei heil veke blir levert samla. Ressursen blir overført til Teknisk eining, som har relevant vakant stilling, jf. også tiltak i Heimetenestene distrikt.

Dagsenteret vil bli eit tilbod berre til heimebuande brukarar, og opningstidene vil bli redusert med inntil to timar per dag. Det blir berre ein tilsett på Dagsenteret per dag.

Bebuarar på BUAS får eit dårlegare tilbod, noko som vil krevje auka innsats for aktivisering i bufelleskapa. Endringa vil medføre nedbemanning på om lag 0,5 årsverk.

Ein arbeider også med å redusere omfanget på ei administrativ stilling. Konsekvensane av dette er enno ikkje klare, og må vurderast opp mot kva effekt ein reduksjon vil få for pleietenestene.

Samla vurdering frå einingsleiar er at alle bebuarar på BUAS vil få oppretthalde eit godt tilbod, men ein må arbeide vidare med nokre avklaringar.

Heimetenestene distrikt:

Vedteken budsjettramme inneber i utgangspunktet ein samla reduksjon på 1,4 årsverk, fordelt på 0,6 årsverk heimehjelp, 0,6 årsverk sjukepleiar og 0,2 årsverk heimevaktmeister.

Eininga vil få overført ressursar tilsvarande 0,5 årsverk frå BUAS for å ta over pleietenester for 7 serviceleilegheiter der, jf. ovanfor. Etter diverse omrokkingar mellom BUAS og Heimetenestene i høve til administrative oppgåver, finn ein også grunnlag for å redusere ei administrativ stilling med 0,2 årsverk.

Samla sett inneber desse reduksjonane ingen oppseiingar i denne omgang. 40% av heimevaktmeisterstillinga blir overført til vakant stilling i Tekniske tenester (jf. samordning med BUAS) og ein lar delar av sjukepleie- og hjelpepleieressurs stå vakant.

Heimetenestene har i 2008 og 2009 hatt særleg ressurskrevjande tenester som p.t. ikkje lengre er aktuell. Netto innsparing på dette er relativt omfattande, men hausten 2009 fekk eininga ein auke i borgarstyrt personleg assisten-tenesta (BPA). Auken viser seg etter kvart å vere på minst ein million kroner, knytt til konkrete behov og vedtak. Då budsjettramma vart tilrådt var ikkje omfanget av denne auken klar.

BPA utgjør etter kvart ein relativt stor ressurs. I 2010 er det sett av om lag 3,1 mill. kroner til dette. I tillegg kjenner ein no til nye søknader om BPA-ressurs, der kommunen er pliktig til å gjere positivt vedtak.

Ein finn det på dette grunnlaget også nødvendig å redusere løyvinga til omsorgslønn med 440 000 kroner (om lag 50% reduksjon i høve til budsjett 2009). Omsorgslønn er ikkje i seg sjølv ei lovpålagt oppgåve, men er meint å vere eit handslag til pårørande som yter omfattande hjelp i eigen heim. Det er

forventa at kommunen set av ressursar til omsorgslønn, og eit redusert omfang av dette kan føre til behov for auke i andre typar tenester, som t.d. støttekontakt, avlasting og heimesjukepleie.

Heimetenestene skulle gjerne auka innsatsen på tilbod og tiltak av meir førebyggjande karakter, som t.d. dagtilbod til demente og omsorgslønn. På lengre sikt ville dette redusere behovet for tenester på eit høgere nivå i omsorgstrappa. Men stramme rammer gjer at ein må prioritere tenester i samsvar med innbyggjarane sine rettar.

Barne- og familietenestene:

I utgangspunktet vil barne- og familietenestene i hovudsak kunne oppretthalde tenesteytinga på om lag på same nivå som i 2009. Det inneber at psykiatrisk dagsenter vil halde fram og ein vil kunne tilsetje fagperson på PPT-kontoret (etter ei mellombels tilsetjing av psykolog i 2009).

Men det er i ettertid kome fram at det var feil i grunnlaget for budsjettsaka vedkomande flyktningearbeidet. Ein hadde i inntektsgrunnlaget lagt til grunn eit auka integreringstilskot for kommunens arbeid med å busetje flyktingar (i samsvar med eige vedtak), utan at meirkostnadane ved dette var kome med. Det inneber at ein må vedta dekning for dette på om lag kr. 650 000 kroner gjennom ny løyving. Alternativt må kommunens utgifter reduserast tilsvarande. Rådmannen vil kome tilbake til denne saka.

Einingsleiar finn utanom dette ikkje grunn for å kutte talet på stillingar no. Men han peiker på at budsjettet er marginalt, og ikkje har rom for uføresette tiltak. Eininga vil følgje med på behovet for nye tiltak, t.d. i barnevernet og relaterte tiltak, og vil ev. kome med framlegg til kutt i stillingar eller endringar i tenestene, om situasjonen tilseier det.

Tekniske tenester:

Budsjettet for 2010 er for teknisk eining i vesentleg grad bygd på same fordeling av ramma som i 2009. Ein har vakansar i administrasjonen gjennom ei planleggjarstilling (permisjon) og adresseringsprosjektet, og tenkjer å omprioritere desse ressursane innan fagområdet, samt kjøpe konsulenttenester for å oppretthalde tenesteproduksjonen mest mogleg.

Ein finn heller ikkje i 2010 grunnlag for å tilsetje i ledig stilling innan førebyggjande brannvern.

Byggvedlikehald vil bli noko redusert, trass auka bygningsareal og vegvedlikehald vil vere mykje avgrensa til vintervedlikehald. Dette må også sjåast i samanheng med regjeringas tiltakspakke i 2009, der ein fekk gjennomført meir enn opphavleg føresettt førre år.

Kultureininga:

Kultureininga opplever stramme rammer, men finn ikkje grunn for å redusere talet på tilsette. Kulturbudsjettet går for ein stor del til ulike typar tilskot, og reduserte rammer vil tilsvarande innebere reduksjonar i slike tilskot.

- det er ikkje sett av midlar til kulturvern
- tilskot til Møbelfagleg Senter og Naturhistorisk museum blir ført vidare på same nivå som i 2009, jf. samarbeidsavtale med Sunnmøre museum
- budsjettet til symjehallane er å same nivå som i 2009
- Drifta av Storhallen og kunstgrasbana blir vidareført, men ein søker å redusere kostnadane noko i høve til 2009
- driftstilskot til kulturhusa blir vidareført
- tilskot til private idrettsanlegg blir noko redusert i høve til 2009 (kr. 300 000 i 2010)
- Kulturhuset vil få ei minimumsdrift i 2010. Det føregår anleggsarbeid på Kulturhuset, og ein bør arbeide vidare med det framtidige driftsgrunnlaget for huset
- ein finn grunnlag for midlar til Open Storhall, til ungdomsrådet og kr. 75 000 i ungdomsmidlar
- ein har budsjettet med kulturmidlar til UKM-arrangement, kulturpris, 17. mai-arrangement og kr. 75 000 i andre kulturmidlar
- bibliotekets budsjett blir vidareført på same nøkterne nivå som i 2009

- kulturskulen legg opp til same aktivitetsnivå som i 2009, men vil få ein auke i lønnsutgifter. Det vil bli lagt fram eiga sak om kontingentsatsar for 2010. Budsjettsituasjonen før inntaket av elevar hausten 2010 vil avgjere omfanget på kulturskulen neste skuleår

Fellesadministrasjonen:

Drifta i fellesadministrasjonen, servicetorg, stabseininga, kommuneleiinga og ulike fellesutgifter vil tilpasse drifta til vedtekne rammer. Ein finn ikkje grunnlag for å redusere talet på tilsette utan at vesentlege oppgåver kommunen er pålagt å yte blir tatt vekk.

Ein arbeider kontinuerleg med å rasjonalisere ulike sider ved drifta. Samstundes er store delar av fellesutgiftene knytt opp til ulike avtalar, avgifter, kontingentar m.m.

Formannskapet fekk i sitt budsjettmøte informasjon om at utgifter til bedriftshelsetenesta ikkje var kome med i rådmannens budsjettutkast. Ny forskrift inneber at Sykkylven kommune er pliktig til å melde inn tilnærma alle tilsette i bedriftshelsetenesta. Kommunen vurderer for tida kjøp av desse tenestene, og vil legge fram sak til politiske organ om dette seinare. Framlegget til budsjettjustering tar høgde for utgifter til bedriftshelsetenesta.

Anna:

I arbeidet med budsjettsalderinga har ein òg avdekka nokre feil og manglar, både på inntekts- og utgiftssida. Kommunens budsjett er svært omfattande, og ein kan vanskeleg rekne med at ein har fått med alle sider ved drifta. Nokre av desse manglane har vore gjeldande også tidlegare, og dermed automatisk blitt overført til nytt budsjettår.

Så langt ein har oversikt over gjeld dette fylgjande:

- i samband med innvilga permisjon for helse- og sosialfagleg rådgjevar fell løyving til lønn for vikar ut i 11 månader
- det vart ikkje budsjettert med utgifter til lærlingar
- det vart eit usamsvar mellom inntekter og utgifter i interne overføringar for husleige m.m. i kommunale bygg. Salderinga viser ein betra nettobalanse på kr. 553 000 (auka inntekt)
- det var ikkje budsjettert med inntektspost for næringsfondsmidlar, medan utgifta var budsjetter. Dette gir ein auka inntekt på kr. 600 000
- Ein finn grunnlag for å redusere internhusleige for Jarnes barnehage og Velledalen barnehage med til saman kr. 260 000 (medfører tilsvarande redusert ramme på teknisk eining)

I tillegg finn ein grunnlag for å

- redusere netto utgifter til skadeforsikringar med kr. 500 000, jf. resultat av anbodskonkurranse. Innsparinga blir i første omgang ført som negativ reserve under Fellesutgifter. Innsparinga fordeler seg over heile organisasjonen og vil bli saldert mot fellesutgifter seinare. Ein tar også sikte på å etablere ei reservert løyving gjennom innsparinga for å kunne dekke eigendelar i samband med forsikringssaker.
- redusere avsetning til lønnsoppgjeret i 2010 med om lag kr. 1 500 000 (frå kr. 8 500 000 til 7 000 000), jf. oppdatert informasjon frå KS.

Ein viser også til tidlegare nemnde saker:

- manglande budsjettering av utgifter til integrering av flyktingar etter tilhøyrande auke av integreringstilskot – kr. 650 000.
- manglande budsjettering av kostnader for bedriftshelsetenesta, kr. 500 000

Ein vil under rådmannens vurdering av situasjonen nedanfor foreslå endringar i høve til vedteke budsjett.

Vurdering

Oversikta frå einingane viser både at vedtekne budsjettrammer er stramme, men og at einingane har planlagt og iverksett tiltak for at drifta i 2010 skal heldast innanfor desse rammene.

Sjølv om budsjettrammene er stramme, meiner rådmannen at salderinga av einingsbudsjetta tilseier ei forsvarleg drift i alle einingar, bortsett frå i barneskulane.

Barnehagane:

Dei kommunale barnehagane driv på eit minimumsnivå med omsyn på talet på tilsette. Ein har også redusert driftsrammene med 25% i høve til den norma ein har lagt seg på; kr. 2 500 per barn + eit grunnbeløp på kr. 25 000 per barnehage.

Ein må derfor følgje utviklinga utover i 2010, sidan budsjettbalansen i hovudsak er avhengig av talet på barn, omfanget av opphaldstid, samt storleiken på overføringar til dei private barnehagane og skjønnskotet. Det er mykje usikkerheit knytt til desse postane enno.

Barneskulane:

Budsjettsalderinga inneber eit kraftig kutt i delingstimar/timar til norsk 2-opplæring og enkeltvedtak om spes.ped.ressursar for dei fleste skulane.

Rådmannen finn det ikkje tilrådeleg at barneskulane må gjennomføre så omfattande tiltak. Eit kutt i vedtak om spes.ped.ressursar vil mest sannsynleg heller ikkje vere mogleg/lovleg, særleg sidan det også er svært små ressursar til styrking av undervisninga ved bruk av delingstimar.

Rådmannen vil derfor tilrå at kommunestyret aukar den samla ramma til barneskulane tilsvarande forslaga til kutt i spes.ped.ressursar på til saman om lag 60 timar/veke. Kostnaden for dette vil vere om lag 1 300 000 kroner.

Ungdomsskulen/opplæringscenteret:

Einingsleiar føreset at drifta kan vidareførast på same nivå som hausten 2009.

BUAS:

Eininga reknar med tilpasse drifta til vedteken ramme og samstundes greie å oppretthalde talet på plassar på BUAS ved ei omorganiseringa av drifta.

Men budsjettsalderinga vil medføre kortare opningstid og omlegging av tilbodet på dagsenteret, og utkøyring av mat til heimebuande med vedtak om matombringning berre ein gong per veke. Den sistnemnde tenesta blir samstundes overført til Heimetenestene distrikt.

Heimetenestene distrikt:

Eininga reduserer ressursar til både sjukepleie og heimehjelp, men meiner at ein framleis kan gi eit relativt tilfredsstillande tilbod på dette området. Ein reduksjon i stillinga som vaktmeister vil føre til mindre tilgjenge for tenester til heimebuande. I den reduserte stillinga prioriterer ein arbeid med hjelpemiddel, tryggleiksalarmar og matombringning.

Eininga må vidare redusere tilbodet om omsorgslønn. Ein ser eit aukande behov for løyvingar til borgarstyrte personlege assistentar (BPA), og rådmannen må ev. kome tilbake ved eit seinare høve for mogleg ekstraløyving i høve til nye brukarar.

Barne- og familietenestene:

Under føresetnad av auka løyving til flyktningeintegrering, jf. ovanfor, reknar eininga med å vidareføre noverande driftsnivå. Rådmannen vil likevel følgje nøye med på utviklinga av behov for særskilte tiltak, m.a. innan barnevernet.

Kultur:

Budsjettramma til kultureininga inneber i hovudsak reduksjonar i overføringar til ulike tiltak.

Teknisk eining:

Ein reknar med å halde fram med drifta om lag som i 2009, om ein ser bort frå ekstraløyvinga gjennom regjeringas tiltakspakke til ulike typar bygg- og vegvedlikehald.

Sentraladministrasjon og fellesutgifter:

Ein reknar med å kunne halde fram med dei same funksjonar som i 2009. Ein arbeider kontinuerleg med å effektivisere ulike fellesadministrative tiltak.

Økonomiske konsekvensar

Etter ei samla vurdering av situasjon og tiltak i saka, vil rådmannen tilrå slike budsjettendringar (jf. bud.korr.skjema i vedlegg):

| Ansvar | Eining | <i>Inntekt</i> | <i>Utgift</i> |
|---|--------------------|-------------------|------------------|
| Bedriftshelsetenesta | Fellesutgifter | | 500 000 |
| Rådgjevar helse/sosial | Stab | | 500 000 |
| Flyktningemidlar | Barn- og familie | | 650 000 |
| Lærlingar | Fellesutgifter | | 450 000 |
| Barneskular | Felles barneskular | | 1 300 000 |
| Næringsfond | Næring | -600 000 | |
| Korrigering av internhusleige | Teknisk | -553 000 | |
| Redusert internhusleige, James og Velledalen bhg. | Teknisk | -260 000 | |
| Redusert utgift skadeforsikring | Fellesutgifter | -500 000 | |
| Redusert lønnsavsetning | Kommunestyret | -1 487 000 | |
| SUM | | -3 400 000 | 3 400 000 |

Ole-Johan Lillestøl
rådmann

Dag Flacké
Kommunalsjef



Dato: 01.02.2010
Arkivref: 2010/220-913/2010

Saksbeh.: Ole-Johan Lillestøl

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|--------|--------------------------------|------------|
| 11/10 | Formannskapet Kommunestyret | 08.02.2010 |

Rapportering vedtak kommunestyret for 2.halvår 2008 og heile 2009

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Vedlagde rapport om handsaming av saker i kommunestyret for 2.halvår 2008 og heile 2009 vert teke til vitande

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

For 2.halvår 2008 og heile 2009 har det ikkje vore laga til oversikt over saker som har vore handsama i kommunestyret. Etter reglementet skulle dette ha vore rapportert halvårsvis. Rutinane vil bli følgd opp seinare.

Saksopplysning

Ein har også sett på saker frå siste rapportering som var gjort 01.10.08 som ikkje var avslutta. Dei er tekne med i den nye rapporteringa.

Vurdering

Det ser ut til å ha vore ei god oppfølging av vedtak i denne perioden. Få saker ligg att som ikkje gjennomførde.

Økonomiske konsekvensar

Ingen konsekvensar utover det som ligg i vedtaka.

Ole-Johan Lillestøl
rådmann

Saker som har vore handsama i 2009 i kommunestyret

F= Saka avslutta/ferdig

UA= Saka under arbeid

| S-NR | Tittel | Møtedato | Sakshandsamar | Status | Merknad |
|------------|--|----------|---------------------|--------|-------------------------------------|
| 1/09 | Godkjenning av protokoll | 260109 | | F | |
| 2/09 | Ålesundregionens Utviklingsselskap - selskapsavtale for ÅRIM | 260109 | Erling Solsletten | F | Selskapet er stifta |
| 3/09 | 420 kV ledning Ørskog-Fardal | 260109 | Njell Hoftun | F | Ventar på avgjersle i departementet |
| 4/09 | Søknad om skjenkeløyve - Fjellseterstova AS | 260109 | Synnøve Hunnes | F | |
| 5/09 | Godkjenning av protokoll | 260109 | | F | |
| 6/09 | Kommunedelplan for idrett og friluftsliv - Hovudrullering 2009-2012 | 160209 | Halstein Kurseth | F | |
| 7/09 | Val av valstyre for valperioden 2007-2011 | 160209 | Heidi Heggem | F | |
| FO 1/09 | Interpellasjon - framtidige samferdselsløysingar | 160209 | Ordførar | UA | IP frå SP |
| 9/09 | Revisjon av samarbeidsavtalen mellom Sykkylven kommune og NAV Møre og Romsdal | 230309 | Eldrid Suorza | UA | Arbeidsgruppe oppnemnt |
| 10/09 | Full barnehagedekning i 2009 Tandstad/Velledalen opptaksområde | 230309 | Kristin Dyrkorn | F | |
| 11/09 | Val av representantar til årsmøte i Stiftinga Sunnmøre Museum | 230309 | Heidi Heggem | F | |
| 12/09 | Rekneskapsoppfølgning 2008 | 230309 | Ole-Johan Lillestøl | F | |
| 13/09 | Godkjenning av protokoll | 270409 | | F | |
| 14/09 | Søknad om kommunal tilråding ved søknad om husbankfinansiering for privat barnehage i Velledalen | 270409 | Kristin Dyrkorn | F | |
| 15/09 | Opptaksområde for sentrumsskulane | 270409 | Steinar Nordmo | F | |

| | | | | | |
|---------|--|---------|-----------------------------|------------|------------------------------------|
| 16/09 | Rekneskapsrapport mars 2009 | 270409 | Dag Flacke | F | |
| 17/09 | Budsjettet for år 2009- gjennomgang av sentrale inntekts- og utgiftspostar | 270409 | Arild Bergstrøm | F | |
| 18/09 | Val av overformyndar | 270409 | | F | |
| FO 2/09 | Interpellasjon - Bruk av eksterne tenester og konsulentar | 270409 | FRP v/Helga Leremo Johansen | F | Saka vart drøfta |
| FO 3/09 | Interpellasjon - Driftstilhøva og organiseringa av barnehagane og barnskulane | 270409 | Ordførar | F | Oversendt til Levekårsutvalet |
| 19/09 | Godkjenning av protokoll | | | | |
| 20/09 | Rekneskapane for år 2008 | 250509 | Arild Bergstrøm | UA | Saka trekt |
| 21/09 | Sykkylven Energi AS - Rekneskap for VAR område 2008 | 250509 | Heidi Heggem | F | |
| 22/09 | Rådmannens årsmelding 2008 | 250509 | Dag Flacke | UA | Saka trekt |
| 23/09 | Tenesteanalyse for grunnskulen i Sykkylven | 250509 | Eldrid Suorza | F | |
| 24/09 | Ramstaddal skule - vurdering av skulestruktur | 250509 | Eldrid Suorza | UA | Pkt. 3 ikkje starta opp |
| 25/09 | Delegering - ny planlov | 250509 | Ole Johan Lillestøl | F | |
| 26/09 | Kommuneplan samfunnsdelen - oppstart av planprosess | 250509 | Njell Hofturn | UA | Arbeidet er godt i gang |
| 27/09 | Tilknytingspliktige eigedomar -offentleg vass- og avlaupsnett | 250509 | Karl Johan Stadsnes | Saka trekt | |
| 28/09 | Godkjenning protokoll | 290609 | | F | |
| 29/09 | Rapport frå kontrollutvalet - Gjennomgang av økonomistyring - Budsjettkontroll og økonomirapportering 2008 | 290609 | | F | |
| 30/09 | Rådmannen si årsmelding | 29/0609 | Dag Flacke | F | |
| 31/09 | Rekneskapen for 2008 | 29/0609 | Arild Bergstrøm | F | |
| 32/09 | 420 kV-ledning Ørskog-Fardal - Klage på konsesjonsvedtak | 290609 | Njell Hofturn | UA | Saka ikkje avgjort i departementet |
| 33/09 | Fritidstilbod i sentrum for ungdom | 290609 | Halstein Kurseth | F | |
| 34/09 | Sykkylven kulturhus - kulturhusgruppa sin | 290609 | Eldrid Suorza | F | |

| | | | | | | | |
|-------|--|--------|---------------------|----|---|--|--|
| | rapport - kommunal overtaking | | | | | | |
| 35/09 | Hundeidvik skule - vurdering av skulestruktur | 290609 | Eldrid Suorza | F | Kjem ny sak om skulestruktur | | |
| 36/09 | Geografiske opptaksområde barnehagar | 290609 | Kristin Dyrkom | F | | | |
| 37/09 | Anbod pensjon - Fastsetting av konkurransekriteriar | 290609 | Arild Bergstrøm | F | Saka stoppa i formannskapet, ny utlysing i 2010 | | |
| 38/09 | Søknad om fritak frå politiske verv | 290609 | Heidi Heggem | F | | | |
| 39/09 | Medarbeidarundersøking | 290609 | Torill Skjeret | F | | | |
| 40/09 | Leiging av barneskulane | 290609 | Ole Johan Lillestøl | F | | | |
| 41/09 | Leiging av barnehagane | 290609 | Ole Johan Lillestøl | F | | | |
| 42/09 | Budsjettjustering juni 2009 | 290609 | Dag Flacke | F | | | |
| 43/09 | Auke i kommunal lånegaranti | 290609 | Arild Bergstrøm | F | | | |
| 44/09 | Rekneskapsrapport april/mai 2009 | 290609 | Dag Flacke | F | | | |
| 45/09 | Tilknytingspliktige eigedomar - off.vass- og avlaupsnett | 290609 | Karl Johan Stadsnes | F | Saka vert følgd opp av Sykkylven Energi AS | | |
| FO 4 | Om Rådet for funksjonshemma kan bli fast høyringsinstans i alle komm. og off. private byggesaker | 290609 | Ordførar | UA | Saka sendt over til NU for vurdering | | |
| 46/09 | Godkjenning av protokoll | 070909 | | F | | | |
| 47/09 | Referatsaker | 070909 | | F | | | |
| 48/09 | Krav om lovlegkontroll - Ramstaddal skule | 070909 | Eldrid Suorza | UA | Fylkesmannen oppheva vedtaket | | |
| 49/09 | Haugsetvegen - oreigning av grunn | 070909 | Ole Johan Lillestøl | UA | Oreigninga ikkje klar enno, dei andre avtalane er ferdige | | |
| 50/09 | Lysløype - oreigning av grunn | 070909 | Bjarte Hovland | UA | | | |
| 51/09 | Godkjenning av protokoll | 121009 | | F | | | |
| 52/09 | Referatsaker | 121009 | | F | | | |
| 53/09 | Forprosjekt Sørestranda skule | 121009 | Steinar Nordmo | F | Detailprosjekteringa i gang | | |
| 54/09 | Reguleringsendring Klokkehaug/Vik. | 121009 | Bjarte Hovland | F | | | |

| | | | | | | |
|------------|---|--------|---------------------|----|-------------------------------------|--|
| | Handsaming etter off. ettersyn | | | | | |
| 55/09 | Vurdering av mandat for utval for nytt demenssenter | 121009 | Dag Flacke | UA | | |
| 56/09 | Budsjettendring investeringsbudsjett og rapport vedkomande investeringar etter 2. tertial | 121009 | Arild Bergstrøm | F | | |
| 57/09 | Rekneskapsrapport 2. tertial | 121009 | Dag Flacke | F | | |
| 58/09 | Godkjenning av protokoll | 231109 | | F | | |
| RS 1/09 | Referatsaker: | 231109 | | F | | |
| RS 2/09 | Særutskrifter sak 30/09, 36/09 og 38/09 | 231109 | Kontrollutvalet | F | | |
| RS 3/09 | Orientering om Hagarden byggefelt og Ullavik barnehage - investering | 231109 | Ole-Johan Lillestøl | UA | Saka sendt til kontrollutvalet | |
| RS 4/09 | Sentral økonomifunksjon i Sykkylven kommune | 231109 | Kontrollutvalet | F | | |
| 59/09 | Intern organisering av pleie- og omsorgstenesta med omsyn på kvalitet og økonomisk effektivitet | 231109 | Dag Flacke | F | Arbeidet vert følgd opp i einingane | |
| 60/09 | Rekneskapsrapport per september 2009. Driftsrekneskapen | 231109 | Dag Flacke | F | | |
| 61/09 | Godkjenning av protokoll | 141209 | | F | | |
| 62/09 | Referatsaker <ul style="list-style-type: none"> Orientering om Storfjordterminalen AS Oppfølging av prosjektet, kai Ørnsneset | 141209 | Kontrollutvalet | UA | Desse sakene vil kome att seinare | |
| 63/09 | Vederlagsbetaling for pleie og omsorgstenester i 2010 | 141209 | Arild Bergstrøm | F | | |
| 64/09 | Andre gebyr og vederlag i 2010 | 141209 | Arild Bergstrøm | F | | |
| 65/09 | VAR-områda - gebyr 2010 | 141209 | Bjarte Hovland | F | | |
| 66/09 | Budsjett 2010 | 141209 | Dag Flacke | F | | |

| | | | | | |
|-------|---|--------|---------------------|---|--|
| 67/09 | Økonomiplan 2010-2013 | 141209 | Dag Flacke | F | |
| 68/09 | Kommunane sitt ansvar for drift av krisesentertilbod frå 01012010 | 141209 | Arild Vadseth | F | |
| 69/09 | Sal av kommunen sine aksjar i Møre Biovarme AS | 141209 | Ole-Johan Lillestøl | F | |

SAKER SOM HAR VORE HANDSAMA I 2.HALVÅR 2008 I KOMMUNESTYRET

| F= Saka er avslutta | | UA= Saka under arbeid | | | |
|---------------------|---|-----------------------|-------------------|--------|---------------------------------------|
| S-NR | TITTEL | MØTEDATO | SAKSHANDSAMAR | STATUS | MERKNAD |
| 15/06 | Restansar frå førre rapportering | | | UA | Saka ligg til Storfjordterminalen AS |
| 29/07 | Kai på Ørsneset Vidare arbeid med godsterminaltomta | | | UA | Arbeidet har starta opp att |
| 40/07 | Framtida for Sykkylven Næringsutvikling AS | | | UA | Ikkje slutført |
| 40/08 | Rapport frå forprosjektgruppa knytt til tilrettelegde bustadar | | | UA | Dialog med bustadselskapet |
| 80/08 | Eventuell etablering av nærvarmeanlegg | | | UA | Har ikkje vore arbeidd med denne saka |
| 97/08 | Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular | | | UA | Saka ikkje avslutta |
| - | Nye saker | | | | |
| 107/08 | Godkjenning av protokoll | 220908 | | | |
| 108/08 | Nye tak på Sykkylven Storhall - Finansiering | | Erling Solsletten | F | |
| 109/08 | Ørsneset fergekai - Reguleringsplan | | Arne Settemsdal | F | |
| 110/08 | Reguleringsendring - Tregardane | | Annegret Siejak | F | |
| 111/08 | Rådmannsstillinga i Sykkylven kommune - Eventuelt åremål | | Erling Solsletten | F | |
| 112/08 | Sykkylven Kulturhus AL - Statusrapport pr juni 2008 og søknad om støttebidlar | | Erling Solsletten | F | |
| 113/08 | Reglement for kommunestyret – Interpellasjon og spørsmål | | Erling Solsletten | F | |
| 114/08 | Forvaltningsprosjekt sjukefråver | | Erling Solsletten | F | Sendt til AMU |
| 115/08 | Reglement kontrollutvalet | | Erling Solsletten | F | |
| 116/08 | Godkjenning av protokoll | 201008 | | F | |
| 117/08 | Godtgjersje folkevalgte | | Erling Solsletten | F | |
| | Rapportering for å sikre oppfølging av vedtak i | | | F | |

| | | | | | | |
|--------|---|--------|--|-------------------|--------|------------------------------|
| 118/08 | folkevalgte organ - 1. halvår 2008 | | | Erling Solsletten | | |
| 119/08 | Interkommunalt overgrepsmottak | | | Erling Solsletten | F | |
| 120/08 | Eventuelt skilje mellom rådmannen si løn og ordfører si godtgjersle | | | Erling Solsletten | F | |
| 121/08 | Gjennomgang investeringar | | | Erling Solsletten | F | |
| 122/08 | Reglement for Arbeidsmiljøutvalet (AMU) | | | Torild Skjeret | F | |
| 123/08 | Vedk organisering av barneskulane | | | Erling Solsletten | Utsett | |
| 124/08 | Organisering av leing i dei kommunale barnehagane | | | Erling Solsletten | Utsett | |
| 125/08 | Opplæringscenteret som eiga eining med eigen tillitsvalgt | | | Erling Solsletten | F | |
| 126/08 | Rapportering budsjettgjennomføring 2008 pr sept | | | Arild Bergstrøm | F | |
| 127/08 | Interpellasjon - Landingsplass helikopter | | | | UA | |
| 128/08 | Godkjenning av protokoll | 171108 | | | F | |
| 129/08 | Oppvekstsenter Velledalen | | | Dag Flackè | F | |
| 130/08 | Søknad om skjenkebevilgning - Vad Mat og Drikke AS | | | Heidi Heggem | F | |
| 131/08 | Oppnemning av nye Dyrevernemnder - Forslag frå kommunane | | | Heidi Heggem | F | |
| 132/08 | Sunnøre kontrollutvalsesekretariat IKS - Endring av selskapsavtale | | | Erling Solsletten | F | |
| 133/08 | Interpellasjon - Forsterka sjukeheimsavdeling | | | | UA | Avventar samhandlingsreforma |
| 134/08 | Sjukefråver | | | Torild Skjeret | F | |
| 135/08 | Auka kassakreditt/trekkrett | | | Erling Solsletten | F | |
| 136/08 | Godkjenning av protokoll | 151208 | | | F | |
| 137/08 | 420 kV-leidning Ørskog - Fardal | | | Njell Hoftun | UA | Ligg i departementet |
| 138/08 | Gebyr/vederlag - Tekniske tenester 2009 | | | Bjarte Hovland | F | |
| 139/08 | Kommunale eigeomsgebyr for året 2009 | | | Bjarte Hovland | F | |
| 140/08 | Vederlagsbetaling for pleie- og omsorgstenester 09 | | | Dag Flackè | F | |
| 141/08 | Budsjett 2009 | | | Erling Solsletten | F | |
| 142/08 | Økonomiplan 2009 - 2012 | | | Erling Solsletten | F | |
| 143/08 | Tilsetting av rådmann i Sykkylven kommune | | | Erling Solsletten | F | |